

Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar

- Retningslinjer vedtatt i hovudutval for kultur, idrett og inkludering 14. februar 2024 -

Føremål med ordninga

Tilskotsordninga skal bidra til utvikling av kulturbygg og kulturarenaer med regionale funksjonar og verdi. Kulturarenaen skal ha verdi, storleik og nedslagsfelt som dekker behov ut over kommunegrensar, eventuelt også ut over fylkesgrensar, der busetnad, kommunikasjon og/eller kulturelt føremål gjer dette naturleg.

Kulturarenaen skal vere planlagd ut frå ei kulturfagleg behovsvurdering og vere i samsvar med kommunale og regionale planar. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Kulturarenaer i Vestland

Satsinga på kulturarenaer i Vestland er slått fast gjennom regional plan for kultur 2023-2035, *Kultur bygger samfunn*. Realiseringa av planen er eit felles ansvar for staten, fylkeskommunen, kommunane, privat sektor og sivilsamfunnet.

Regional plan for kultur slår fast at det må finnast eit mangfald av ulike arenaer, tilpassa ulike behov og grupper, og at det er behov for moderne, funksjonelle og universelt tilrettelagde arenaer. Tilskotsordninga skal fremje berekraft og arenaene skal legge til rette for sambruk og aktivitetar for ulike målgrupper.

Kven kan søkje?

Kommunar, fylkeskommune, selskap, stiftingar, organisasjonar og andre samanslutningar kan søkje ordninga.

Det vert ikkje opna for å gje tilskot til tiltak eller organisasjonar der føremålet er organisasjonen eller privatpersonar si eiga økonomiske vinning. Går kulturarenaen med overskot skal dette nyttast til vidare drift eller vidare investering i arenaen.

Søknadsfrist

Årleg søknadsfrist er 30. april. Vedtak om tilskot blir gjort av hovudutval for kultur, idrett og inkludering, etter budsjetttrammer vedtatt av fylkestinget.

Vurdering

Tiltaket må stette krava til søknaden og føremålet i ordninga. Fordelinga av tilskot blir gjort etter ei heilskapleg vurdering av søknadene. I vurderinga av søknadene legg vi mellom anna vekt på

- a) i kva grad tiltaket har regional verdi, funksjonar og/eller nedslagsfelt
- b) i kva grad tiltaket bidreg til utvikling av kulturlivet i fylket
- c) om tiltaket kan kople saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- d) kvaliteten på søknaden og prosjektet
- e) fordeling av midlane i høve geografi og sjanger
- f) tidspunkt for første gong det er søkt om midlar til kulturarenaen

Regional verdi

Omgrepet regional viser her til to hovudkriterium:

- Geografisk kriterium (geografisk nedslagsfelt og verkeområde). Om arenaen og tiltaket omfattar fleire kommunar.
- Funksjonskriterium. Om arenaen og tiltaket har regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg.

Alle tilrådde tiltak / prosjekt skal ha regional verdi – geografisk og/eller funksjon. Vestland fylkeskommune definerer kva som er kulturarenaer med regionale funksjonar og verdi.

Krav til søknaden

Søknaden blir sendt inn via elektronisk søknadsskjema til Vestland fylkeskommune. Søknaden inneheld opplysningar om føremålet med og gjennomføringa av tiltaket.

Desse vedlegga skal følgje med søknaden:

- Skriftleg presentasjon av tiltaket, med framdriftsplan og ei vurdering av behovet for nybygg, ombygging og/eller modernisering.
- Budsjett for tiltaket, med detaljert kostnadsoverslag og finansieringsplan. Dokumentasjon på eventuelle tilsegn om finansiering skal ligge ved søknaden. Søknadssummen kan utgjere inntil 1/3 av totalkostnaden for prosjektet.
- Teikningar av kulturbygget eller utandørs kulturarena.
- Vedtekter for bruken av bygning/arena, om eigar av arenaen ikkje er ein kommune.
- Plan for bruk, drift og forvaltning av kulturarenaen.
- Dokumentasjon på rett til bruk av eigedom/anlegg i minimum 20 år, t.d. grunnbok med tinglyste rettar via Kartverket.
- Det er ein føremon om det ligg ved uttale frå kommunen der kulturarenaen er plassert som gjeld behovet for nybygg, ombygging eller modernisering og/eller utdrag frå kommunal plan eller politisk vedtak som slår fast dette behovet.

Krav til gjennomføring og utforming

Tiltaket vert gjennomført i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lovreglar i plan- og bygningslova, jf. mellom anna § 29 i lova.

Planane er kvalitetssikra slik at tiltaket er funksjonelt og teknisk godkjent av gjeldande kommune. Vestland fylkeskommune vil i kvalitetssikringa av planane hente inn uttale frå relevant fagleg hald der det er naudsynt.

Tiltaket er universelt utforma i samsvar med plan- og bygningslova og forskrifter til denne. Dette gjeld både ved tilskot til nybygg og til ombygging.

Tiltaket har ei eksemplarisk god arkitektonisk utforming, det vil mellom anna seie integrering av visuelle kvalitetar og funksjonalitet, i samsvar med bygningen eller arenaen sin funksjon og etter reglar gitt i plan- og bygningslova. Kulturbygget eller utandørs kulturarena skal oppførast med respekt for bygde og naturgjevne omgjevnader.

Krav til drift og bruk

Kulturarenaen skal nyttast til kulturføremål i minst 20 år etter at midlane er utbetalte. Bruksendring til anna enn kulturføremål kan ikkje skje utan skriftleg førehandsgodkjenning frå Vestland fylkeskommune. Om bruken vert endra, kan Vestland fylkeskommune krevje tilskotet heilt eller delvis tilbakebetalt.

Kulturarenaen skal vere open for all lovleg kulturverksemd og driftast på årsbasis. Dersom anlegget blir midlertidig stengt for tre månader eller meir, pliktar eigar å informere Vestland fylkeskommune om dette.

Arenaen skal vere open for alle, ingen skal stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Vedtak

Søknadene blir lagt fram for prioritering av hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Prioriteringane blir tatt med i arbeidet med budsjett for komande år, vedtatt i fylkestinget. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering gjer endeleg vedtak om tildeling av midlar i ordninga. Vedtaka er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova.

Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer i samsvar med framdrift og likviditetsbehov. Søkjar kan be om delutbetaling når arbeidet er kome godt i gang. Søkjar må legge fram dokumentasjon på behov for delutbetaling. Sluttutbetaling skjer etter at søkjar har sendt inn rapport og revidert rekneskap til godkjenning av fylkeskommunen. Inntil revidert rekneskap ligg føre skal fylkeskommunen halde tilbake minst 10 % av tilskotet.

Tilsegn om tilskot gjeld i inntil tre år frå svar om vedtaket er sendt til søkjaren. Tilsegna fell bort og midlane vert inndregne om tiltaket ikkje blir sett i gang, eller søkjaren ikkje har bede om utbetaling av tilskotet i samsvar med dokumentert framdrift og likviditetsbehov innan tre år etter at svar er sendt ut.

Dersom rekneskapen viser at tiltaket har blitt rimelegare enn det som ligg til grunn i budsjettet som følgde søknaden, vil tilskotssummen bli justert tilsvarande og restsummen blir inndregen.

Oppfølging, rapportering og kontroll

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Tilskotsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan tre månader etter at tiltaket er gjennomført. Krav til rapportering blir sendt ut saman med eventuelt vedtak om støtte.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å sette i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett.

Klage

Vedtak kan klagast på etter forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Klagen må sendast skriftleg innan ein frist på tre – 3 – veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar tok imot melding om vedtaket.

Klagen vert behandla i hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Blir klagen ikkje tatt til følge, blir den sendt vidare til klagenemnda i fylkeskommunen for endeleg vedtak. Ein klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.